



AURLAND KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
035/17	Omsorg - oppvekst og kultur	20.11.2017
054/17	Plan og utvikling	20.11.2017
049/17	Prosjekt, drifts- og eideomsutval	20.11.2017
	Administrasjonsutvalet	
095/17	Formannskapet	23.11.2017
	Kommunestyret	

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
17/84 - 17/8462	K1 - 151, K1 - 145	Reidar Johnsen 57 63 29 40	16.11.2017

Budsjett Aurland kommune 2018

Tilråding frå rådmann:

1. Driftsbudsjettet blir vedteke i samsvar med «driftsoversikt» samt skjema 1A og 1B i budsjettdokumentet.
2. Investeringar blir vedteke i samsvar med tabell «framlegg investeringar» samt skjema 2A og 2B i budsjettdokumentet.
3. Inntektsskatt og formueskatt blir sett i samsvar med vedteke statsbudsjett. Marginavsetjing blir sett til 9% av innbetalt skattebeløp.
4. I medhald av eigedomsskatteloven §2, §3 og §4 vert eigedomsskatten på «verk og bruk» å skrive ut med 7/1000 av takst. Eigedomsskatt forfell til betaling 10. april og 10. oktober. Rådmannen startar eit arbeid i 2018 med sikte på å innføre eigedomsskatt på bustadar og næring i tillegg til verk og bruk frå 2019.
5. Rådmannen får fullmakt til å fordele midlar frå avsett lønsreguleringsfond til einingane når lønsoppgjeret for 2018 er klart.

6. Prisar og gebyr blir vedtekne i samsvar med dokument «Prisar og gebyr 2018»
7. Renovasjonsgebyr til Simas vert auka i tråd med vedtak i Simas.
8. Det blir teke opp lån til investeringar med kr 18.793.000. Rådmann får fullmakt til å inngå lånevilkår.

Bakgrunn

Sjå budsjettdokument og økonomiplandokument.

Vurdering

20.11.2017 Omsorg - oppvekst og kultur

Framlegg A frå Monica Finden

Ansvar 221, 222: BHG skal ikkje stengjast utover det som ligg i vedtektene per i dag og det skal framleis vera kontinuerleg opptak.

Framlegg B frå Monica Finden

Aurland kommune skal framleis satsa på lærlingar, jfr kommunestyrevedtak.

Framlegg C frå Monica Finden

Ansvar 310 Omstillingsprosjektet må følgjast tett opp, og nemnde tiltak må sjåast i samanheng med prosjektet.

Framlegg A , B og C frå Monica Finden.

Røysting

Framlegg A frå Monica Finden: 2 røyster for 3 røyster mot

Framlegg B frå Monica Finden: Samrøystes

Framlegg C frå Monica Finden: Samrøystes

OOK-035/17 Vedtak:

Innspel til Budsjett 2018 frå OOK:

OOK går inn for tilrådinga frå rådmannen pkt 1.-8. med 2 tillegg:

Aurland kommune skal framleis satsa på lærlingar, jfr kommunestyrevedtak.

Ansvar 310: Omstillingsprosjektet må følgjast tett opp, og nemnde tiltak må sjåast i samanheng med prosjektet.

Samrøystes

20.11.2017 Plan og utvikling

Framlegg frå Per Are Flåm

Plan og utvikling meiner at postane for politisk leiing og sentraladministrasjon også kan reduserast.

Framlegg frå Per Are Flåm.

Røysting

Framlegg frå Per Are Flåm: Samrøystes

PUT-054/17 Vedtak:

Plan og utvikling meiner at postane for politisk leiing og sentraladministrasjon også kan reduserast.

Samrøystes

20.11.2017 Prosjekt, drifts- og eigedomsutval

DEU-049/17 Vedtak:

Som tilråding frå rådmann med følgjande korrigerings av skjema 2A/2B.

Oppgradering av tursti brekkefossen

Brutto investeringsramme 2018: 1250 (~~tidl. 870~~)

Mva-kompensasjon : -225 (~~tidl. 155~~)

Ekstern finansiering: -750 (~~tidl. 600~~)

Eigen finansiering: -275 (~~tidl. 115~~)

23.11.2017 Formannskapet

Protokolltilførsel frå Monica Gjesdal Larsen:

Utbytte skal ikkje gå til drift.

Røysting

1. - 6. punkt: Tilråding frå rådmann med endringar vedteke i økonomiplan: samrøystes
7. punkt endra i formannskapet: Renovasjonsgebyr til Simas vert fastsett når framlegg ligg føre: samrøystes
8. punkt: Tilråding frå rådmann med endringar vedteke i økonomiplan: samrøystes

FS-095/17 Vedtak:

1. Driftsbudsjettet blir vedteke i samsvar med «driftsoversikt» samt skjema 1A og 1B i budsjettdokumentet,

med den endring som framgår i vedtak i økonomiplan 2018-2021.

2. Investeringar blir vedteke i samsvar med tabell «framlegg investeringar» samt skjema 2A og 2B i budsjettdokumentet i samsvar med dei endringar som er gjort i økonomiplan 2018 - 2021.

3. Inntektsskatt og formueskatt blir sett i samsvar med vedteke statsbudsjett. Marginavsetjing blir sett til 9% av innbetalt skattebeløp.

4. I medhald av eigedomsskatteloven §2, §3 og §4 vert eigedomsskatten på «verk og bruk» å skrive ut med 7/1000 av takst. Eigedomsskatt forfell til betaling 10. april og

10. oktober.

5. Rådmannen får fullmakt til å fordele midlar frå avsett lønsreguleringsfond til einingane når lønsoppgjeret for 2018 er klart.

6. Prisar og gebyr blir vedtekne i samsvar med dokument «Prisar og gebyr 2018» med den endring som fremgår i vedtak i økonomiplan.

7. Renovasjonsgebyr til Simas vert fastsett når framlegg ligg føre.

8. Det blir teke opp lån til investeringar i samsvar med endringar i økonomiplan. Rådmann får fullmakt til å inngå lånevilkår.

Protokolltilførsel frå Monica Gjesdal Larsen:
Utbytte skal ikkje gå til drift.

Vedlegg:

Prisar og gebyr 2018 - framlegg frå rådmann

Budsjettdokument 2018 framlegg frå rådmannen